

# NYTT Om iraqwa - bibelen



NR. 1 Januar 2005

GT TIL STAMMESPRÅK I TANZANIA

## Verden var aldri helt forlatt

”Verden var aldri helt forlatt. En stjerne skinner i natt”, syng vi i ein julesang. Du var og er aldri heilt forlatt. Det var sant og er sant, i dag og for det nye året. Mange gonger kjende og kjenner vi oss forlatt, men vi er ikkje forlatt, overlatt til oss sjølv og tilfeldighetene.

Lat ikkje uro  
få makt  
over dykk!  
Tru på Gud  
og tru på meg!  
Joh. 14, 1

Våre rop med og utan ord vert høyrde. Gud er midt i alt som skjer, i oss og rundt oss. ”Han ser til folket og kvar einskild.” Job 34, 29c. Når du ikkje ser han, så ser han di sak, seier Ordet. Dette gjev håp for deg og meg og for ei såra verd, og for alle som ropar kvar er du Gud. Vissa om dette gjev oss mot til å gå inn i 2005, i møte med nye og ukjende dagar, saman med Han. Godt Nytt År!

Nora Klungseth

## Det er Eg



Når stormen rasar mest om meg  
Så skremd eg skrik  
Ver ikkje redd for det er eg!  
- du kjem nett slik. –

Lær meg å venta på ditt Kom!  
-og gå i tru,  
og ikkje sjå meg rådvill om  
på storm og gru.

Men alltid ha mitt auga fest  
på deg, min ven.  
Om trua mi er veik - og brest,  
Du bergar enn!

Gunvor

**- nokre klipp frå julebrev frå lesarane våre som vi deler med deg.**

”Mange av dykk har fått med dykk at Bibelen på Iraqw er ferdig og komen i sal. Me tenkte ikkje lenger enn at når den var trykt, då var det ikkje bruk for oss meir i det prosjektet. Men Gud hadde høgare tankar, slik det står i skrifta! Iraqwfolket treng drahjelp til å lesa Bibelen sin! Dermed strekkjer me oss litt til, – og eg har framleis iveren --.”

”Takk for brev og helsingar gjennom Iraqw-nytt. Me følgjer med og gled oss over den gode mottakinga Iraqw-bibelen har fått. --- Me er takksame for at arbeidet er kome så langt, og for at de har hatt helse til å gjennomføra det.”

”Det har vært kjekt å lese om den interessen det har vært for lesekursene. Og så kjekt at det var en fra Iraqwstammen som var statsminister. Var det ikke slik? Det var som Gud hadde ”timet” det helt perfekt. Han kan jo det. Bare at vi ikke helt våger å stole på det.”

”... jeg takker og fryder meg sammen med dere – over fullførelsen ..., og hvordan lesekursene oppleves av iraqwene. Det er en bragd – et slit, og en kraft-anstrengelse – utholdenheten settes vel også på prøve! Det er gripende å lese om opplevelsen enkelte har når de leser på sitt eget språk for første gang. Må Herren fortsatt velsigne deg, og dine medarbeidere – Og lønne dere. ”

**Fram frå minnet –**

Det var alt den fjerde timen på dagen. Veslevisaren på klokka peikar på 10 og den store på 12. Kvar dag på dette tidspunktet er det andakt på klinikken. Store og små har sett seg, tett i tett. Nokre har grønne kast på seg, det er kvinnene som er pasientar på klinikken. Mennene har blått kast. Det er også mange fleire. Det er dei pårørende. Alle innlagde har med seg ein eller fleire av sine næraste. Dei skal laga mat og vera sjukepassarar. Mange har også kome frå omliggjande grender for å få poliklinisk behandling. Alle har hjelparar med seg i fylgje.

Evangelisten står fram, tek fram Bibel og les på swahili – budskapet til gjetarane ute på Betlehemsmarka: **”Eg forkynner dykk ei stor glede - ei glede for alt folket.**

***I dag er fødd dykk ein frelsar ...”*** Luk. 2,10

Evangelisten les og fortel. Han får det så levande. Dei kjenner seg igjen som gjetarar og undrar seg over budskapet som gjetarane fekk for omlag 2000 år sidan.

Budskapet blir formidla på det tanzanianske riksspråket swahili og så tolka til stammespråket iraqw, som dei fleste snakkar i det området. Sidan det er nokre frå datoga (mang’ati)-stammen i flokken blir det tolka også til deira språk. Alle lyttar intenst. Nokre har høyrte om frelsaren, Gud som i sin kjærleik sende sonen sin så kvar den som trur på han ikkje skal fortapast men ha evig liv. (Johs. 3,16 ). Ikkje alle har høyrte, men dei lyttar. Ordet er levande og det er spirekraftig. Etter andakten denne dagen skal det vera fest med servering. Menyen chai (te m/melk og sukker) servert i plastkoppar med mandaasi som er bollar steikt i smult. Det er verdt å feire at Frelsaren kom til verda for oss.

**Ettertanke –**


I ettertid undrar eg meg på korleis ordet som vart sådd fekk vekse. Det minste kan den heilage Ande bruke. Mange av dei kristne kan fortelje at dei møtte Jesus gjennom sjukdom, eller då ein av deira næraste vart sjuk. I dag kan evangelistar, prestar og alle som har gått på lesekurs lese Guds ord på iraqw-stammespråket. Dei har sin eigen bibel på morsmålet sitt. Eg ser liksom føre meg der dei les juleevangeliet rundt i heimane. Vil du vera med å be om at ordet om Jesus må nå inn til mange både unge og gamle slik at dei av hjarta kan syngja med i strofa: ”Han er Frelsar min”.

Margaret Hetland

Kjære medarbeidarar!

Ver helsa i vår Frelsar Jesu Kristi namn.

Gud har gjort ein stor og forunderleg ting i året som ligg bak oss no, som kjem til å bli hugsa i slekt etter slekt. I 2004 har Gud hugsa på Iraqwfolket ved å gje dei sitt ord på deira eige språk, iraqw-språket, då Iraqwbibelen blei vigsla på Wa/ama bibelskule 25. juli. Tusenvis av Iraqw-folk møtte opp der og var vitne til denne store handlinga, som ikkje skal bli gløymt. Denne dagen blei hundrevis av biblar kjøpt. Folk gledde seg. Det var stor jubel over å ta imot iraqwbibelen, og den blir brukt.



No driv vi - Frøydis og teamet hennar - på med leseopplæring, så Bibelen skal bli opna og lesen av alle i iraqwfolket. Vi har reist rundt i alle prosti i Bispedømmet, og to prosti utafør vårt bispedømme

og. På desse kursa har vi fyrst og fremst fått møta evangelistane. Målet er at dei skal undervisa folket, læra dei å kjenna dei iraqwbokstavane som ikkje finnest på Swahili, slik at folk kan åpna iraqwbibelen og lesa med glede. Desse kursa har vorte til stor hjelp og glede for iraqwfolket. Etter kurset har dei fått lyst å lesa iraqwbibelen, og dei seier det er ikkje vanskeleg. De må fortsetja å be for oss i dette arbeidet med kurs.

Be også for meg, for eg har så lyst å lesa i Iraqw-bibelen, men no har eg problem med augo og det er vanskeleg å lesa. Eg ser litt når eg held boka opp til nasen, og kan sjå folk, tre og ting. Men eg kan kjenna ein person berre når han er så nær som ein meter. De må hugsa på meg og dette problemet mitt. Takk. Helsar med Joh.1:14. Gud velsigne dykk.  
God nytt år!

Kristina B. Mallange.

Red.: Tiltrass for sviktande syn arbeider Kristina framleis med å lesa korrektur og undervisa på kursa.

## *Bibelboksprogrammet:*



### **Ordet vender ikkje tomt tilbake**

Han sat i fengselet i Mbulu og sona straffa si. Der var ein del vekking i fengselet den tida. Joshwa som kvar søndag hadde møte i fengselet, fekk oppleva at mange av fangane tok imot bodskapen til frelse. Denne fangen tok med seg gnisten då han reiste heimatt etter endt soning. Heime i den kyrkja han tilhørde blei han leiar for vekkingsgruppa i det området.

Etter eit par år skjedde dette store at iraqwbibelen kom. Joshwa har fått ansvar for bibelboksar i fleire områder, og er kontaktmann for evangelistar og andre som ville vera bibelseljarar. Han reiste rundt for å finna folk som han kunne plassera bibelboks hos. Då kontakta han også denne tidlegare fangen. Han vart i fyr og flamme over oppgåva, og ville selja iraqwbibelen både i si eiga kyrkje og i andre kyrkjer i området.

Bibelboksprogrammet er kome godt i gong. Vi har fått plassert ut bibelboksar i alle prostia, det vil sei 48 bibelboksar i Mbulu Bispedøme, 12 bibelboksar i Babati og 12 Karatu. Tilsaman 360 biblar til ein verdi av 1.800.000 Tshs., som er ca. Nkr.12.000,-. Stor takk til dykk som har sendt øyremerkte gåver til dette arbeidet. Det hjelpte oss til å koma i gong, men vi har ikkje fullfinansiert dette prosjektet enno.

Målet for arbeidet vårt no er at alle biblane som ligg på lager får kvar sin eigar som kan lesa den, for dette berget med bibelkassar må ut til folket. Distribusjon og leseopplæring er



stikkorda for arbeidet i 2005. I desse dagar held teamet på med å lesa inn tekstar frå iraqwbibelen til ein film om Jesu liv. Det er ein filmbibel, som er på mange språk, og som no også kjem på iraqw. Medan eg skriv dette har vi via telefon frå Mbulu fått veta at dei står midt oppi dette arbeidet denne månaden. Det er mange måtar å formidla Ordet på, og Gud opnar dører og vegar som vi ikkje har sett før. Når dette filmarbeidet er ferdig, skal dei gå attende til leseopplæringsprosjektet. I tillegg til 3 dagars kurs er det i februar – mars planlagt 4 oppfølgingskurs for dei som har halde lesekurs ute i landsbyane. I april skal Frøydis ha eit 3 vekers grammatikkurs, som leiarar frå dei ulike kyrkjene har bede om. Oppgåvene som ventar på oss er mange, og vi treng be om at Frøydis og teamet må få ha helse og uthald enno ei tid.

### Nytt frå heimefronten

Styret leitar etter måtar å redusere utgiftene på både heime og ute, og som eit resultat av dette har giroen som fylgjer dette bladet fått **nytt kontonummer**. Gåvene skal no gå direkte til drifts-kontoen. Vi ser også på utgiftene til porto, og ber om tilbakemelding dersom du ikkje ynskjer få bladet tilsendt. Må Gud gje oss vilje og mot til å gå inn igjennom dei dørene han opnar for oss.

Nora Klungseth

### Me takkar

- for at Gud har gitt oss vilje og mot til å fortsetja
- for den veldige responsen på leseopplæringa
- for gode medarbeidarar heime og ute
- for trufaste forbedarar og gjevarar
- for jubelåret 2004

### Me ber for

- Bibel Box programmet
- for Wayda-bladet
- for dei som vil halda lese- og skrivekurs på sin eigen heimstad
- for teamet sitt kontaktarbeid med andre kyrkjer
- om at Frøydis må få krefter og helse til å fortsette enno eit år
- for alle som går på lesekurs
- for teamet og familiane deira
- for dei som no har lært å lesa, at Ordet må tala til dei

#### Gåver til:

”Støttegruppa for Iraqw-Bibelen”

Postgiro: 0530 13 41379

Admis.: Nora Klungseth

Postboks 29, 6882 Øvre Årdal

Tlf.: 416 76 548 Fax: 57 66 26 55

E-post: [norakl@online.no](mailto:norakl@online.no)

Frøydis Nordbustad

Postboks 95,

6882 Øvre Årdal

Tlf.: 57 66 19 50 / 911 32 046

E-post: [fnordb@online.no](mailto:fnordb@online.no)

#### ”Nytt om Iraqw-Bibelen”

I redaksjonen: Ingeborg Askeland,

Valfrid Haugvaldstad Kjølvik

Redaktør: Gunvor Grødem

Grødem, 4340 Bryne

Tlf./faks: 51 48 71 31

E-post: [gu-gro@online.no](mailto:gu-gro@online.no)

IRAQW-BIBELEN  
VÅRT KALL